

## Samtykkeskjema – Norli Junior Lesekonkurranse

Klassa deltek på Norli junior lesekonkurranse. Ei landsomfattande lesekonkurranse for grunnskulen. Konkurransen arrangerast av bokhandlarkjeda Norli i samarbeid med forlaga Aschehoug, Cappelen Damm, Egmont, Gyldendal, Samlaget, Bonnier, Strand og Figenschou. Kvar haust, heilt sidan 2016, har lesekonkurranse blitt arrangert, og fått fram lesehesten i mange tusen elevar.

Elevane registrerer alt dei les av bøker, teikneseriar, lydbøker og høgtlesing på nettsida [norlijunior.no](http://norlijunior.no), og konkurrerer med ca. 3000 andre klasser i heile Norge. Plattformen er utvikla av selskapet Snuti, som også har laga [sommarsles.no](http://sommarsles.no).

Erfaring viser at mange motiverast av konkurranse. I samfunnet føreligg det ei bekymring for at born i dag les for lite. Frå tidlegare år har vi sett at konkurranse stimulerer både gutar og jenter til å lese mykje; deltakarane les i snitt ca. 2.500 sider per elev i løpet av 3 månadar. Klassene kan følgje med i sanntid på korleis dei ligg an til og vinne diplom, pokalar og pengepremiar.

Klassene kan lese for å nå neste diplom eller «level», måle seg mot andre klasser på skulen, eller sette eigne mål for klassa. Alle klasser som les 200 sider per elev får diplom. Alle klasser som les 800 sider per elev får ein liten klassesepokal. Der er pokal til klasser som les bøker på flest språk (Språkligaen), og en «Superliga» for klasser som les mange bøker med mykje tekst («bonusbøker», med minst 27 linjer per side).

Fleire aktuelle barnebokforfattarar er med på å heie på borna. Kvar veke vil ein ny forfattar ha aktivitetar og fortele om bøkene sine på bloggen på [norlijunior.no](http://norlijunior.no). Først ut er Lars Henrik Eriksen, som har skriva og illustrert boka *Oppfinneren*, etterfølgd av forfattar Mina Lystad som har skriva grøssaren *Klara*. Forfattarane vil hjelpe borna å finne sin indre lesehest. Meir informasjon finnast i foreldreskriv på [norlijunior.no](http://norlijunior.no).

Når elevane opprettar seg konto og registrerer lesing, lagrast persondata. Jfr. EUs personvernforordning (GDPR), krev samtykke frå føresette om dette.

### [Kva personopplysningar lagrast og eleven, og korleis brukast informasjonen?](#)

Det lagrast personopplysningar om elevane for å kunne identifisere deltakarar, måle resultat i lesekonkurranse, dele ut premiar, lage resultattabellar og administrere nettsida.

Disse personopplysningane lagrast:

- Brukarnamn
- E-post (til elev, lærar, eller føresett)
- Namn
- Fødselsår
- Kjønn
- Kva klasse og skule ein høyrer til (klassekode)

I tillegg vil også informasjon om kva bøker eleven les, antal sider, «stjernerating», elevens bokomtalar og tidsstempel (som når konto blei oppretta, tidspunkt for siste innlogging og tilsvarande), bli lagra.

Elevane kan skrive omtalar av bøkene dei les. Omtalane visast i Norli junior Boktipsar. Ei teneste som ligg opent på nettsida, der elevar kan få boktips frå andre elevar som liker dei same type bøkene. Omtalane blir signert med brukarnamn, ikkje ekte namn. Om føresette ikkje ønsker at barnets omtalar skal visast, skal ikkje barnet skrive omtalar.

Resultattabellen i konkurransen viser kor mykje klassene har lest, målt i sider per elev. Det finnast også ein tabell med elevane si lesing, som kunn er tilgjengeleg for klassa. Tabellen gjer det mogleg å ha konkurransar/premiering internt i klassa. Lærer styrer om denne grafikken skal visast og elevane eller ikkje.

Kvar enkelt elev kan også velje, på sin profil, om eigne resultat skal visast i klassegrafikken. Brukaravtalen i si heilheit kan lesast på [norlijunior.no](http://norlijunior.no), der den finnast i lenke nedst på sida.

Konto og persondata slettast automatisk om ein konto har våre inaktiv i meir enn 16 månadar, og kan også slettast ved å kontakte [norlijunior@norli.no](mailto:norlijunior@norli.no) etter premieutdeling i februar 2024.

## Samtykke

Eg som føresett gir mitt samtykke til at det lagrast personopplysningar som beskrive over om mitt born på nettsida [norlijunior.no](http://norlijunior.no)

Eg gir IKKJE mitt samtykke til lagring av personopplysningar om mitt born, og ønsker at brukarkonto skal slettast, om dette er oppretta. Eg er kjend med at barnet då ikkje kan delta på lesekonkurransen.

---

Dato

---

Elevens namn

---

Føresette sin signatur